

## **Grunnskolestatistikk 2006**

I denne serien vert det hovudsakleg publisert primærstatistikk, data frå statistiske rekneskapssystem og resultat frå spesielle teljingar og undersøkingar. Serien har først og fremst referanse- og dokumentasjonsføremål. Presentasjonen skjer vesentleg i form av tabellar, figurar og naudsynt informasjon om datamaterialet, innsamlings- og arbeidsmetodar, samt omgrep og definisjonar. I tillegg gis det ei kort oversikt over hovudresultata.

Serien omfattar òg publikasjonane Statistisk årbok og Svalbardstatistikk.

	<b>Standardteikn i tabellar</b>	<b>Symbol</b>
© Statistisk sentralbyrå, april 2007	Tal er umogleg	.
Dersom materiale frå denne publikasjonen blir nytta, ver vennleg å oppgi Statistisk sentralbyrå som kjelde	Oppgåve manglar	..
ISBN 978-82-537-7179-3 Trykt versjon	Oppgåve manglar førebels	...
ISBN 978-82-537-7180-9 Elektronisk versjon	Tal kan ikkje offentleggjerast	:
	Null	-
	Mindre enn 0,5 av den brukte eininga	0
	Mindre enn 0,05 av den brukte eininga	0,0
<b>Emnegruppe</b>	Førebels tal	*
04.02.20	Brot i den loddrette serien	—
	Brot i den vassrette serien	
Trykk: Statistisk sentralbyrå	Desimalskilleteikn	,

## Forord

Denne publikasjonen gir dokumentasjon over grunnskoledata i SSB og inneheld statistikk i hovudsak frå 2006.

Hovudresultat frå grunnskolestatistikken er tilgjengelig på SSBs websider under emn: "Utdanningsinstitusjoner" (<http://www.ssb.no/04/02/>).

Publikasjonen er utarbeidet av førstekonsulent Gro Kamfjord. Ansvarleg seksjonsleiar er Terje Risberg, Seksjon for utdanningsstatistikk.

Statistisk sentralbyrå  
Oslo/Kongsvinger, 28. mars 2007

Øystein Olsen

---

Johan-Kristian Tønder

# Innhold

<b>Forord</b> .....	<b>3</b>
<b>Tabellregister</b> .....	<b>5</b>
<b>1. Hovedresultat og bruk av tabellane</b> .....	<b>6</b>
<b>1. Hovedresultat og bruk av tabellane</b> .....	<b>6</b>
1.1. Hovedresultat og bruk av tabellane .....	6
<b>2. Bakgrunn og formål</b> .....	<b>6</b>
2.1. Formål og historie .....	6
2.2. Brukarar og bruksområde .....	6
<b>3. Om produksjon av statistikken</b> .....	<b>7</b>
3.1. Omfang .....	7
3.2. Datakjelder .....	7
3.3. Utval .....	7
3.4. Datainnsamling .....	7
3.5. Oppgavebyrde .....	8
3.6. Kontroll og revisjon .....	8
3.7. Analyse .....	8
<b>4. Omgrep, kjennemerke og grupperingar</b> .....	<b>8</b>
4.1. Definisjon av dei viktigaste omgrepa .....	8
4.2. Definisjon av dei viktigaste kjennemerka .....	8
4.3. Standardgrupperingar .....	9
<b>5. Feilkjelder og uvisse</b> .....	<b>9</b>
5.1. Innsamlings- og handsamlingsfeil .....	9
5.2. Utvalsfeil .....	9
5.3. Ikkje-utvalsfeil .....	10
<b>6. Samanlikningar og samanheng</b> .....	<b>10</b>
6.1. Samanlikningar over tid og stad .....	10
6.2. Samanheng med annan statistikk.....	10
<b>7. Kvar ein finn statistikken</b> .....	<b>10</b>
7.1. Internett-adresse .....	10
7.2. Språk .....	10
7.3. Publikasjonar .....	10
7.4. Lagring og bruk av grunnmaterialet .....	10
7.5. Annan dokumentasjon .....	11

## Tabellregister

1. Grunnskolar, etter skoleslag. Elevar i grunnskoleutdanning. Skoleåra 1979/80-2005/06.....	11
2. Grunnskolelevar og grunnskolar, etter eigarform. Skoleåra 1985/86-2005/06.....	11
3. Elevar i grunnskolen, etter årstrinn. Skoleåret 2003/04-2005/06. Endelege tal .....	11
4. Elevar, etter skolestørleik (elevtal). Skoleåra 2000/01-2005/06. Prosent.....	12
5. Elevar med morsmåls-, tospråkleg og særskild norskopplæring, etter fylke. 1. oktober 2005.....	12
6. Elever som får morsmålsopplæring og/eller tospråklig fagopplæring, etter morsmål. 1. oktober 2005.....	13

## 1. Hovudresultat og bruk av tabellane

### 1.1. Hovudresultat og bruk av tabellane

I 1983/84 var talet på grunnskolar på sitt høgaste med 3 543. Sia har talet gradvis gått ned og var på sitt klart lågaste i 2005/06 med 3 160 skolar, det er ein nedgang på nær 11 prosent. Dei reine barneskolane har den største nedgangen med 19 prosent i same periode, samstundes har talet på elevar auka med 8 prosent. Tala inkluderer offentlege og frittstående skolar.

Talet på frittstående grunnskolar er meir enn tredobla dei siste 20 åra, frå 1985/86 til 2005/06, ein auke på 281 prosent. Talet på elevar i frittstående skolar har hatt ei liknande utvikling med ein auke på 205 prosent. Den største endringa var frå 2000/01 til 2005/06 da talet på frittstående skolar auka med 67 prosent, for elevar i frittstående skolar var auken på 32 prosent i same periode.

Utviklinga dei siste fem åra har vore at ein lågare del av elevane går i små og mellomstore skolar, det vil seie skolar med færre enn 299 elevar, og at ein større del av elevane går på skolar med 300 elevar eller meir. I 2005/06 gjekk 8,7 prosent av elevane i skolar med 100 eller færre elevar, 38,3 prosent gjekk i skolar med 100-299 elevar mens 53,3 prosent av elevane gjekk i skolar med 300 eller fleire elevar.

I skoleåret 2005/06 gjekk 60 245 elevar i 1. klasstrinn og 62 501 elevar gjekk i 10. klasstrinn. Det var 1 609 elevar i spesialgrupper og 968 elevar gjekk i egne grupper for språklege minoritetar. Totalt var det 619 640 elevar i norske skolar i 2005/06.

Det har vore ein klar auke i talet elevar med morsmålsopplæring og/eller tospråkleg opplæring sia byrjinga av nittitalet. I 1993/94 fekk nær 10 000 elevar slik undervisning, mens talet i 2005/06 var 20 171. I 1993/94 tilsvara det 2,1 prosent av alle elevane i grunnskolen og i 2005/06 3,3 prosent, ein auke på 1,2 prosentpoeng. I 1997/98 fekk 4,4 prosent av elevane i grunnskolen særskild norskopplæring, 24 599 elevar. I 2005/06 var talet 37 342 eller 6 prosent av alle elevane, ein auke på 1,6 prosentpoeng.

## 2. Bakgrunn og formål

### 2.1. Formål og historie

Formålet med grunnskolestatistikken er å gi naudsynt informasjon om tilstanden i grunnskolen, som trengst for å dekkje styringsbehov på høgare nivå. Statistikken omfattar grunnskolar og elevar i grunnskoleutdanninga i samsvar med opplæringslova.

Grunnskolestatistikken har sia 1992 brukt tal frå Grunnskolens informasjonssystem(GSI). GSI er ein database utvikla og halden ved like av Kunnskapsdepartementet (KD).

Tal frå GSI kopla med økonomiske data frå kommunane blir også publiserte i KOSTRA med det siktemålet å gi styringsinformasjon til kommunane. Skoleporten er ein tredje kanal for publisering av grunnskolestatistikk der både tal frå GSI og KOSTRA blir presentert på skolenivå. Skoleporten er Utdanningsdirektoratets internettportal.

### 2.2. Brukarar og bruksområde

I tillegg til å bruke data frå GSI når ein skal utarbeidet offisiell statistikk i SSB, er GSI også ei viktig kjelde i det daglege arbeidet og planlegginga som Kunnskapsdepartementet (KD) og Utdanningsdirektoratet driv med. Data herifrå

utgjør eit underlag i arbeidet med statsbudsjettet, ymse stortingsdokument og andre offentlege dokument innanfor grunnskoleområdet.

Data brukast også av Utdanningsdirektoratet, fylkesmannen og av kommunane, mellom anna til planlegging, evaluering og til søknader om statsstøtte.

Tenestedata for grunnskole, vaksenopplæring på grunnskolen sitt område og kulturskolar, som går inn i KOSTRA, hentar ein også frå GSI. I KOSTRA blir tal frå grunnskolestatistikken knytt til dei økonomiske tala frå kommunane og gir kommunane og staten styringsinformasjon, det er berre dei kommunale grunnskolane som utgjør populasjonen i KOSTRA.

Data frå GSI blir også nytta i Utdanningsdirektoratets internettportal skoleporten.no

### **3. Om produksjon av statistikken**

#### **3.1. Omfang**

Statistikken inneheld informasjon om all grunnskoleopplæring som går føre seg etter opplæringslova, vaksenopplæring på området for grunnskolen og kulturskolar. Den inneheld data frå alle einingar som driv opplæring av barn i grunnskolealder og vaksenopplæring på området for grunnskolen, det vil seie grunnskolar, spesial- og institusjonsskolar, sjølvstendige skolefritidsordningar, institusjonar som driv med vaksenopplæring, og kommunale musikk- og kulturskolar. Alle eigarhøve er medrekna; kommunale, interkommunale, fylkeskommunale og statlege skolar, pluss frittstående skolar som er godkjende av KD etter den nye friskolelova. Data frå bydelane og kommunane sine sentrale ressursar, der opplysningar ikkje er gitt på institusjonsnivå, er også med i statistikken.

Institusjonar som driv opplæring som ikkje er godkjend etter opplæringslova/av KD, er ikkje med i statistikken.

Det blir mellom anna samla inn data om elevtal, årstimar, tilsette, årsverk, spesialundervisning etter einskildvedtak, opplæring av språklege minoritetar, målform, tilvalsfag, skolefritidsordninga og bruk av IKT.

#### **3.2. Datakjelder**

Den årlege innsamlinga av data gjennom Grunnskolens informasjonssystem (GSI).

#### **3.3. Utval**

Heile populasjonen av institusjonar som driv grunnskoleopplæring for barn i grunnskolealder etter opplæringslova, og for vaksne på grunnskolen sitt område, er med i datainnsamlinga også dei norske skolane i utlandet.

#### **3.4. Datainnsamling**

Statistikken er laga på grunnlag av summariske oppgåver om den enkelte skole. Kvar haust samlar ein inn data med teljetidspunkt 1. oktober for det skoleåret ein er inne i. Det nyttast tre skjema; eit for grunnskoleopplæring etter opplæringslova, eit for vaksenopplæring på grunnskolen sitt område og eit for musikk- og kulturskolar. Data samlast inn på Internett, via GSI. Kommunane har ansvaret for å samle data for sine einingar. Fylkesmannen har ansvaret for dei private einingane, og at kommunane har meldt ferdig.

### 3.5. Oppgavebyrde

Kvar institusjon som fyller ut skjema brukar i gjennomsnitt 2 dagsverk. Om lag 3500 einingar fyller ut skjema for grunnskolen, noko som gir i alt 7 000 dagsverk kvar innsamlingsperiode. I tillegg kjem innsatsen i kommunane og hos fylkesmannen.

### 3.6. Kontroll og revisjon

Etter datainnsamlinga er SSB, Utdanningsdirektoratet og regional statsforvaltning (fylkesmannen) involvert i revisjonsarbeidet.

Det er lagt inn ein del automatiske kontrollar i GSI i form av feil og varslar. Desse må sjekkast før ein kan gi frå seg data til eit høgare nivå. I tillegg kjem kontrollar frå SSB og Utdanningsdirektoratet som blir følgde opp av fylkesmannen. Det blir også oppdaga feil etter kvart som databasen blir offentleggjort og tilgjengeleg for dei som har gitt frå seg data.

Revisjon av data skjer fram til tala blir endelege på våren.

### 3.7. Analyse

## 4. Omgrep, kjennemerke og grupperingar

### 4.1. Definisjon av dei viktigaste omgrepa

Definisjonar av omgrep som nyttast i statistikken gis i Notater 99/48 (Henning Hartvedt (red.): Definisjonskatalog for grunnskoleopplæring for barn og voksne)

### 4.2. Definisjon av dei viktigaste kjennemerka

*Opplæringslova.* Den nye opplæringslova er ei felles lov for grunnskole og vidaregåande opplæring, og for opplæring av vaksne på området for grunnskolen og området for den vidaregåande skolen. Lova omfattar opplæring på desse områda. Opplæringslova gjeld frå skoleåret 1999/00.

*Grunnskoleopplæring.* Barn og unge har plikt til grunnskoleopplæring, og rett til offentleg grunnskoleopplæring. Etter opplæringslova § 13-1 er kommunen ansvarleg for at barn og ungdom opp til 16 år i kommunen får grunnskoleopplæring. For barn i fylkeskommunale, sosiale og medisinske institusjonar er fylkeskommunen ansvarleg for opplæringa. Staten og fylkeskommunen kan ta over ansvaret til kommunen. Grunnskoleopplæringa skal vanlegvis ta til det kalenderåret barnet fyller 6 år og avsluttast etter at eleven har fullført det tiande skoleåret. Grunnskoleopplæring omfattar også opplæring på området for grunnskolen av personar over grunnskolealder. Kommunane har ansvar for grunnskoleopplæring for vaksne.

*Skoleåret.* Den årlege undervisningstida (minstetimetallet) skal fordelast på minst 38 veker à 5 dagar (eller færre for småskolesteget) innanfor ei ramme på 45 samanhengande veker, jf § 2-2 i opplæringslova. Denne ramma blir kalla skoleåret og startar vanlegvis 1. august kvart år.

*Elev i grunnskole.* Barn og unge som etter § 2-1 i opplæringslova har rett og plikt til grunnskoleopplæring og som får denne ved ein grunnskole. Det gjeld for det meste barn og unge i alderen 6 til 15 år. Vidare gjeld det også personar - over grunnskolealder - som får undervisning på området for grunnskolen.

*Årstrinn.* Årstrinna i grunnskolen er frå 1 - 10. (1. - 10. årstrinn.). Alle elevar flyttast opp eit årstrinn kvart år. Læreplanen blir endra for kvart årstrinn.

<i>Barnesteg/ungdomssteg.</i>	Barnesteget omfattar 1.-7. årstrinn og ungdomssteget 8.-10. årstrinn.
<i>Grunnskolar.</i>	Grunnskolar er kommunale, fylkeskommunale eller statlege skolar for grunnskoleopplæring etter § 13-1 i opplæringslova eller frittstående grunnskolar godkjend etter § 2-12 i opplæringslova eller etter friskolelova.
<i>Spesialskolar, institusjonsskolar og alternative skolar.</i>	Med spesialskolar meiner ein skolar for barn og unge med særskilde behov. Det vil seie skolar der alle barna får opplæringa si som spesialundervisning etter einskildvedtak. Med institusjonsskole meiner ein (grunnskole)opplæring knytt til sosiale og medisinske institusjonar i egne skolar. I alternative skolar treng ikkje all undervisning å skje etter einskildvedtak.
<i>Målform.</i>	Den opplæringsmålforma (bokmål, nynorsk eller samisk) som kommunen har vedteke for skolen.
<i>Språklege minoritetar.</i>	Personar som har andre morsmål (førstespråk) enn norsk og samisk. (Definisjonen omfattar òg skandinavar og andre vesteuropearar.) Med morsmål meiner ein her språk som nyttast i dagleg tale i heimen til personen. (Dei samla tala over språklege minoritetar samlast ikkje inn etter 2001).
<i>Morsmålsopplæring.</i>	Morsmålsopplæring er opplæring i morsmålet til elevar frå språklege minoritetar. Opplæringslova gir i § 2-8 heimel til å gi forskrifter om plikt for kommunane til å gi særskild opplæring i morsmål for elevar frå språklege minoritetar, jf kapittel 24 i forskrift til opplæringslova. Vaksne frå språklege minoritetar som tar opplæring på grunnskolen sitt område, er ikkje med i ordninga med morsmålsopplæring.
<i>Særskild norskopplæring (for språklege minoritetar).</i>	Særskild norskopplæring for språklege minoritetar er enten ei tilleggsopplæring i norsk eller opplæring i faget norsk for elevar frå språklege minoritetar (norsk 2) som er eit eige fag i læreplanverket, eller ein kombinasjon av desse. Innsamling av tala på språklege minoritetar var ikkje av god nok kvalitet og er difor erstatta med talet på elevar med særskild norskopplæring.
<i>Gruppestorleik.</i>	Utgangspunktet for indikatorane er at man får eit inntrykk av storleiken på undervisningsgruppene i skolen ved å sjå på forholdet mellom elevtimar og lærartimar. Sjølv om talet elevar i ein gitt undervisningssituasjon vil variere innanfor den enkelte skole og det enkelte årstrinn, gir indikatorane eit bilete av kor mange elevar som i snitt er i undervisningssituasjonen til den enkelte lærar. Indikatorane er såleis meir valide som mål på lærartettleik enn dei tidlegare brukte indikatorane for gjennomsnittleg klassestorleik.

### 4.3. Standardgrupperingar

## 5. Feilkjelder og uvisse

### 5.1. Innsamlings- og handsamingsfeil

Feil i ein totalstatistikk som denne, vil for det første vere feil som har samanheng med at den populasjonen ein granskar ikkje er heilt ut identisk med den populasjonen ein ønskjer at statistikken skal omfatte. Andre punkt vil vere at oppgåvegivarane gir mangelfulle eller feilaktige opplysningar. For det tredje kan feil oppstå gjennom arbeidet med revisjon og koding av oppgåvene.

### 5.2. Utvalsfeil

Utvalet dekkjer heile populasjonen.

### 5.3. Ikkje-utvalsfeil

## 6. Samanlikningar og samanheng

### 6.1. Samanlikningar over tid og stad

*Samanlikningar med tidlegare årgangar av statistikken:* Frå og med 1992 er grunnskolestatistikken henta frå Grunnskolens informasjonssystem (GSI). Tabellar over elevar og klasser som i 1979 og tidlegare hadde nemninga Grunnskoleutdanning kan frå 1980 samanliknast med tilsvarande tabellar under nemninga Grunnskolar. Frå og med 2003 blei det ikkje samla inn opplysningar om klassar i grunnskolen. Det heng saman med endringar i opplæringslova som blei gjorde i 2003. Før opp eventuelle brot i tidsseriar.

### 6.2. Samanheng med annan statistikk

Data frå Grunnskolens informasjonssystem nyttast også som tenestedata i KOSTRA- kommune og publisering på internettportalen Skoleporten.no.

## 7. Kvar ein finn statistikken

### 7.1. Internett-adresse

<http://www.ssb.no/utgrs/>

<http://www.ssb.no/privgrs/>

[http://www.ssb.no/emner/04/utdanning\\_as](http://www.ssb.no/emner/04/utdanning_as)

<http://www.ssb.no/kostra/>

<http://www.wis.no/gsi>

<http://www.skoleporten.no>

### 7.2. Språk

Nynorsk og engelsk

### 7.3. Publikasjonar

Statistikken blir gjort offentleg elektronisk (tabellar og figurar) via Dagens statistikk på SSB si heimeside på internett. Data blir også lasta inn i statistikkbanken. Nokre resultat blir òg formidla i Statistisk Årbok.

### 7.4. Lagring og bruk av grunnmaterialet

## 7.5. Annan dokumentasjon

### 1. Grunnskolar, etter skoleslag. Elevar i grunnskoleutdanning. Skoleåra 1979/80-2005/06

Skoleår	Skoleslag							Elevar i andre faste undervisningsgrupper <sup>2</sup>
	Skolar i alt	Barneskolar	Komb. barne- og ungdomsskolar	Ungdomsskolar	Elevar i alt	Barnesteg <sup>1</sup>	Ungdomssteg <sup>1</sup>	
1979/80	3 500	2 464	570	466	593 767	395 123	195 785	2 859
1980/81	3 518	2 454	598	466	591 323	390 758	197 800	2 765
1981/82	3 526	2 439	609	478	586 141	384 121	199 392	2 628
1982/83	3 539	2 435	623	481	576 910	373 155	200 757	2 998
1983/84	3 543	2 408	646	489	565 497	362 146	199 656	3 695
1984/85	3 540	2 383	667	490	550 136	347 768	198 111	4 257
1985/86	3 525	2 374	667	484	534 000	335 373	195 058	3 569
1986/87	3 509	2 349	672	488	519 867	325 577	191 771	2 519
1987/88	3 500	2 331	678	491	505 942	317 228	186 454	2 260
1988/89	3 475	2 308	676	491	492 769	312 384	178 924	1 461
1989/90	3 442	2 280	674	488	482 964	310 600	171 130	1 234
1990/91	3 406	2 253	667	486	473 078	309 432	162 347	1 299
1991/92	3 389	2 242	660	487	467 501	308 516	157 993	922
1992/93	3 352	2 208	659	485	463 309	307 461	155 621	<sup>3</sup> 227
1993/94	3 325	2 172	669	484	466 605	309 889	156 485	<sup>3</sup> 231
1994/95	3 308	2 147	674	487	470 779	314 062	156 693	<sup>3</sup> 24
1995/96	3 285	2 129	675	481	477 236	320 752	156 484	-
1996/97 <sup>4</sup>	3 308	2 145	673	490	487 398	330 619	155 623	-
1997/98	3 273	2 088	700	485	558 247	401 640	155 112	1 495
1998/99	3 277	2 086	706	485	569 044	411 878	155 387	1 779
1999/00	3 272	2 075	709	487	580 261	419 805	158 279	2 177
2000/01	3 260	2 066	705	489	590 471	426 475	162 040	1 956
2001/02	3 248	2 051	709	488	599 468	429 445	168 095	1 928
2002/03	3 237	2 045	701	491	610 297	432 618	175 121	2 558
2003/04	3 209	1 999	717	493	617 577	432 345	181 934	3 298
2004/05	3 189	1 982	720	487	618 250	429 652	185 866	2 732
2005/06	3 160	1 944	736	480	619 640	429 207	187 856	2 577

<sup>1</sup> For skoleåret 1979/80 - 1996/97 inneheld barnesteget 1.-6. årstrinn og ungdomssteg 7.-9. årstrinn. Frå skoleåret 1997/98 inneheld barnesteget 1.-7. årstrinn og ungdomssteg 8.-10. årstrinn. <sup>2</sup> Elevar i 10. årstrinn for skoleåra 1979/80 - 1996/97. Elevar i spesialgrupper og egne grupper for språklege minoritetar frå skoleåret 1997/98. <sup>3</sup> Elevar i 10. årstrinn som er dekt over kommunane sitt skolebudsjett. <sup>4</sup> For skoleåret 1996/97 er elevar ved norske skolar i utlandet og elevar i spesialgrupper og elevar i egne grupper for språklege minoritetar inkludert.

### 2. Grunnskolelevar<sup>1</sup> og grunnskolar, etter eigarform. Skoleåra 1985/86-2005/06

Skoleår	Skolar i alt	Av dette frittstående grunnskolar <sup>2</sup>	Elevar i alt	Av dette elevar i frittstående grunnskolar
1985/86	3 524	38	534 000	4 356
1990/91	3 406	48	473 078	5 619
1995/96	3 285	63	477 236	7 268
2000/01	3 260	88	590 471	10 053
2005/06	3 160	145	619 640	13 269

<sup>1</sup> Fra og med skoleåret 1997/98 ble grunnskola utvida med eit årstrinn, alder for skolestart ble senka frå 7 til 6 år. <sup>2</sup> Grunnskolar som driv etter lov om frittståandeskolar (Friskolelova) Lov 2003-07-04 nr 84

### 3. Elevar i grunnskolen, etter årstrinn. Skoleåret 2003/04-2005/06. Endelege tal

Årstrinn	2003/04	2004/05	2005/06
<b>I alt</b>	<b>617 577</b>	<b>618 250</b>	<b>619 650</b>
1	60 902	59 303	60 222
2	62 317	61 008	59 609
3	61 649	62 495	61 297
4	61 316	61 809	62 729
5	61 181	61 461	62 026
6	62 194	61 246	61 667
7	62 786	62 330	61 559
8	62 216	62 696	62 437
9	60 854	62 267	62 914
10	58 864	60 903	62 497
Spesialgrupper	1 458	1 563	1 616
Eigne grupper for språklege minoritetar	1 840	1 169	1 077

**4. Elevar, etter skolestorleik (elevtal). Skoleåra 2000/01-2005/06. Prosent.**

Skolestorleik (elevtal)	Skoleår					
	2000/01	2001/02	2002/03	2003/04	2004/05	2005/06
<b>I alt</b> .....	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>
Mindre enn 100 elevar .....	9,6	9,2	9,0	8,7	8,7	8,7
100 - 299 elevar .....	42,9	41,6	40,8	39,3	38,3	38,3
300 elevar eller meir .....	47,5	49,1	50,2	52,0	52,9	53,0

**5. Elevar med morsmåls-, tospråkleg og særskild norskopplæring, etter fylke. 1. oktober 2005<sup>1</sup>**

Fylke	Elevar i alt	Elevar med morsmålsopplæring <sup>1</sup>	Elevar med tospråkleg opplæring <sup>2</sup>	Elevar med særskild norskopplæring <sup>3</sup>
<b>I alt</b> .....	<b>619 640</b>	<b>11 824</b>	<b>14 350</b>	<b>37 342</b>
Østfold .....	34 242	1 112	1 826	2 517
Akershus .....	72 381	638	1 510	3 570
Oslo .....	52 998	1 140	3 985	11 248
Hedmark .....	24 014	432	303	840
Oppland .....	23 534	482	285	853
Buskerud .....	31 847	627	911	2 337
Vestfold .....	30 066	632	840	1 480
Telemark .....	21 618	481	655	1 196
Aust-Agder .....	14 585	185	228	653
Vest-Agder .....	23 568	121	619	1 514
Rogaland .....	58 973	1 618	642	2 976
Hordaland .....	62 513	1 790	503	2 539
Sogn og Fjordane .....	15 427	268	247	638
Møre og Romsdal .....	33 840	489	424	1 184
Sør-Trøndelag .....	36 779	769	705	1 630
Nord-Trøndelag .....	18 480	240	90	432
Nordland .....	32 939	328	287	856
Troms .....	21 259	309	134	454
Finnmark .....	10 385	163	156	408
Svalbard .....	192	-	-	17

<sup>1</sup> Morsmålsopplæring er opplæring i morsmålet til elevar frå språklege minoritetar. <sup>2</sup> Tospråkleg opplæring er opplæring kor morsmålet til eleven vert nytta i opplæringa. <sup>3</sup> Særskild norskopplæring er tilleggsopplæring i norsk eller opplæring i faget norsk som 2. språk for elevar frå språklege minoritetar.

**6. Elever som får morsmålsopplæring og/eller tospråklig fagopplæring<sup>1</sup>, etter morsmål. 1. oktober 2005.<sup>2</sup>**

Morsmål	Talet på elever
<b>I alt</b> .....	<b>20 717</b>
Urdu .....	2 521
Somalisk .....	2 175
Arabisk .....	1 830
Kurdisk .....	1 735
Vietnamesisk .....	1 551
Albansk .....	1 288
Tyrkisk .....	1 026
Bosnisk .....	806
Tamil .....	764
Engelsk .....	654
Russisk .....	639
Spansk .....	572
Thai .....	531
Persisk .....	519
Dari .....	493
Polsk .....	353
Tsjetsjensk .....	299
Tysk .....	262
Punjabi .....	229
Nederlandsk .....	180
Filippinsk .....	172
Pashto .....	163
Serbisk .....	155
Swahilli .....	149
Fransk .....	135
Kinesisk .....	121
Portugisisk .....	107
Finsk .....	94
Tigrinia .....	82
Islandsk .....	76
Litauisk .....	70
Burmesisk .....	58
Oromo .....	57
Berbersk .....	56
Amharisk .....	54
Kantonesisk .....	51
Hindi .....	42
Kroatisk .....	38
Kirundi .....	36
Rumensk .....	25
Bengali .....	22
Gresk .....	21
Malayisk .....	21
Annet .....	485

<sup>1</sup> Morsmålsopplæring er opplæring i morsmålet til elever fra språklege minoriteter. Tospråklig opplæring er opplæring kor morsmålet til eleven vert nytta i opplæringa. <sup>2</sup> I tala for elever fra språklege minoriteter er medrekna elever som er registrerte sentralt på kommunen.